



Hjartrdal kommune

# Årsmelding for kontrollutvalet 2018

*Temark*

Agder og Telemark  
Kontrollutvalgsekretariat IKS

## 1. INNLEIING

Kontrollutvalet gir med dette ei samla årsmelding for aktiviteten i 2018. Årsmeldinga skal gje eit bilde av utvalet si formelle rolle, instruks, forhold til revisjonen og sekretariatet og dei viktigaste saker som er behandla i år. Kontrollutvalet gir kvart år uttale til kommunerekneskapen, adressert til kommunestyret. Etter forskrift for kontrollutval, skal kontrollutvalet årleg rapportere om resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjons-prosjekt og selskapskontroll. Bestemminga må sjåast i samanheng med vedtekne planar og vert presentert på denne måten for året 2018.

## 2. SAMANSETTING AV KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er valt av kommunestyret og skal i kommunestyret sin stad føre tilsynet med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar og fylkeskommunar er pliktige til å velje eit kontrollutval. Kommunestyret kan foreta nyval av kontrollutvalets medlemmer i valperioden, men da må heile utvalet veljast på nytt. Reglar for val av medlemmer til kontrollutvalet er fastsette i eiga forskrift. Det er strenge avgrensingar i kven som er valbare til utvalet.

### Medlem og varamedlem 2018:

Medlem	Varamedlem
Leiar Olav Tho (Sp) Nestleiar Liv Tinnes (Sp) Medlem Audun Darrud (H) Medlem Kristin Wåle (Krf) Medlem Roger Lind (AP)	Gunleik Skårdal (Sp) Jørgen Lia (Krf) Anette Langåsdaalen (Ap)

Kommunelova krev at minst eitt av medlemmene skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer. Departementet har tolka det slik at det gjeld ved konstituering.

## 3. RAMMER FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

Etter Kommunelova § 77 er kommunestyret pålagt å opprette eit eige kontrollutval som skal stå for tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og dei folkevalde organa som kommunestyret har oppretta. Tilsynet og kontrollen skjer i kommunestyret sin stad. Kommunelova § 77 slår fast:

*” Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. ”*

Kontrollutvalet sine oppgaver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgaver på deira vegner. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølgje kommunelova sørge for mange oppgaver som vi vil komme nærmare inn på seinare.

## 4. OPPLÆRING OG KURS

Det vert stadig stilt større krav og forventningar til kontrollutvalet sin kompetanse, både frå det politiske miljø og kommunen sine innbyggjarar. Endra regelverk gjer det nødvendig å legge til rette for opplæring og kursverksemd for alle medlemmer av kontrollutvalet. Kunnskap om kontrollutvalet si rolle, oppgaver og lovverk er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift. Slik opplæring og kursverksemd kan skje lokalt (haust- og vårkonferanse i regi av Temark) eller gjennom sentrale tilbod. Kontrollutvalet vert blant anna årleg invitert til landskonferansen for kontrollutval i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og fagkonferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Dette er viktige samlingar for å tilføre kontrollutvalet ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmer frå heile landet kan møtast og drøfte saker og arbeidsmetodar.

## 5. SEKRETARIAT

Kommunen er medeigar i Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat IKS (Temark). Temark har sekretariatsoppdraget for 31 kommunar og 3 fylkeskommunar i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark. Temark er med det et av landets største kontrollutvalssekretariat. Sekretariatet har åtte tilsette og fast sekretær for kontrollutvalet er Marianne Lundeberg.

Sekretariatet skriv saksframstillingar, hjelper kontrollutvalet i praktisk tilrettelegging og oppfølging av møte og med oppfølging av vedtak. I arbeidet er sekretariatet bindeleddet mellom utval og revisjonsselskap, og utfører oppgaver på vegne av kontrollutvalet.

## 6. REVISJON

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med Telemark kommunerevisjon IKS. Revisjonen leverer revisjonstenester til 21 kommunar. Selskapet hjelper kommunen med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Oppdragsrevisor er Elizabeth Kasin, oppdragsansvarleg revisor er Lisbet Fines og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor er Kirsti Torbjørnson.

## 7. ØKONOMI

For å utøve sin funksjon på ein god måte har kontrollutvalet lagt vekt på å be kommunestyret om økonomiske rammer som gjer mogleg den aktiviteten som det vert lagt opp til i møte- og arbeidsplanen.

Kontrollutvalet er i tråd med kommunelova pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen. Rekneskapstala for den samla kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen kjem fram av kommunens samla årsrekneskap.

Kontrollutvalet vil få lagt fram ei eiga sak som går på økonomien knytt til kontroll- og tilsynsverksemda, slik at kontrollutvalet kan halde seg oppdatert på utvalets økonomiske stilling, i tillegg til kostnadane til sekretariat og revisjon.

Rekneskap 2018 og budsjett 2019 for kontrollutvalet.	Regnskap	Budsjett
	2018	2019
<b>019 KONTROLLUTVALET</b>		
<b>1100 KONTROLL OG REVISJON</b>		
KM.GODTGJERSLE SKATTEPLIKTIG	395,20	0,00
FAST GODTGJERSLE UTVALSLEIAR/-MEDLEMMER	23 679,36	30 000,00
MØTEGODTGJERSLE FASTE UTVAL	7 663,00	8 000,00
TAPT ARBEIDSFORTENESTE	0,00	10 000,00
ARBEIDSGJEVARAVGIFT	3 364,17	4 000,00
AVISER OG FAGTIDSSKRIFT	13 365,00	8 000,00
KOMMUNAL BEVERTNING	2 430,00	4 000,00
KURS- & OPPLÆRING	25 098,00	40 000,00
SKYSS- & KOSTGODTGJERING - TENESTEREISER	2 927,40	5 000,00
TRANSPORT, ÅRSavgifter	1 644,57	3 000,00
ANDRE avgifter	3 500,00	2 000,00
KJØP FRÅ IKS DER KOM. ER DELT.	111 400,00	165 000,00
MOMS GENERELL KOMPENSASJONSORDNING	822,13	0,00
REFUSJON MVA. PÅLØPT I DRIFTSREKN.SK.	-822,13	0,00
<b>Sum funksjon: 1100 KONTROLL OG REVISJON</b>	<b>195 466,70</b>	<b>279 000,00</b>
<b>Sum ansvar: 019 KONTROLLUTVALET</b>	<b>195 466,70</b>	<b>279 000,00</b>
<b>049 REVISJON</b>		
<b>1100 KONTROLL OG REVISJON</b>		
KJØP FRÅ IKS DER KOM. ER DELT.	393 274,00	401 000,00
REFUSJON - PRIVATE	-20 000,00	-20 000,00
<b>Sum funksjon: 1100 KONTROLL OG REVISJON</b>	<b>373 274,00</b>	<b>381 000,00</b>
<b>Sum ansvar: 049 REVISJON</b>	<b>373 274,00</b>	<b>381 000,00</b>
<b>T O T A L T</b>	<b>568 740,70</b>	<b>660 000,00</b>

## 8. KONTROLLUTVALET SITT ARBEID – MØTE OG SAKER

Kontrollutvalet har i 2018 gjennomført 4 møte og handsama 28 saker.

I likskap med andre folkevalde organ er som hovudregel møta opne.

Sakskart, saksdokument og protokollar vert fortløpande lagt ut på kommunen og sekretariatet sine heimesider ([www.temark.no](http://www.temark.no)).

Utvalet ynskjer å ha oppdatert informasjon om kommunen si verksemd, og samtidig gjere sin eigen funksjon meir kjent. Administrasjonen har ved fleire høve blitt invitert til kontrollutvalet for å orientere om forskjellige verksemdsområde i kommunen.

Kontrollutvalet ønsker å være synleg og ha god kontakt med leiinga i kommunen. Rådmannen eller representantar for rådmannen har deltatt på fleire av utvalet sine møte, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i sitt arbeid.

Ein stor del av kontrollutvalet si saksbehandling omfattar forhold utvalet er pålagt å arbeide med, gjennom krav i kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval. Kva for fokus utvalet vel i dei ulike arbeidsoppgåvene er det i stor grad opp til utvalet å definere sjølv.

Kontrollutvalet kan etter oppmoding frå kommunestyret, etter innspel frå innbyggjarar eller på eige initiativ ta opp forhold ved kommunen si verksemd, som kan knytast til utvalet sitt tilsynsarbeid. Kontrollutvalet er også opptatt av korleis kommunen følger opp rapportar frå andre tilsyn.

Saker handsama i kontrollutvalet:

- Protokoll frå sist møte (eiga sak i kvart møte)
- Innkallingar (eiga sak i kvart møte)
- Referatsaker / Eventuelt (eiga sak i kvart møte)
- Orientering frå revisjonen (eiga sak i kvart møte)
- Vidare orientering om utbygging av vassforsyninga i hytteområdet i Tuddal
- Attendemelding - Forvaltningsrevisjonsprosjekt Arkiv og dokumenthandtering-
- Bestilling av selskapskontroll - Samordning av føringar for eigarskap – fleire eigarar
- Bestilling av prosjektplan - Tildeling av tenester innafor pleie og omsorg
- Uavhengighetserklæring 2018 - Forvaltningsrevisjon - Hjartdal kommune
- Årsmelding for kontrollutvalet 2017 - Hjartdal kommune
- Årsrapport og årsregnskap med forklaring 2017 frå skatteoppkrevjar 2017
- Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Hjartdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet
- Utbygging av vatn og avlaup i Tuddal
- Prosjektplan - Tildeling av tenester innafor pleie og omsorg - Hjartdal kommune
- Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende i høve til Hjartdal kommune
- Prosjektplan - VA utbygging i Tuddal
- Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon 2018 - Hjartdal kommune

- Budsjett for kontroll, tilsyn og revisjon 2019 - Hjartdal kommune
- Forvaltningsrevisjonsrapport - VA utbygging i Tuddal
- Kommunal registrering av psykisk utviklingshemma og grunnlag for kompensasjon frå staten - Hjartdal kommune
- Orientering om Hjartdal kommune sitt budsjett for 2019
- Møte- og arbeidsplan 2019 for Hjartdal kontrollutval

## 9. REKNESKAPSREVISJON

Revisjon av årsrekneskapan er ein heilt sentral del av kommunen sin eigenkontroll. Revisor skal gi tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gir om økonomien sin. Dette er ei viktig oppgåve. Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekke og førebygge feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å bidra til å førebygge og avdekke feil og underslag.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein trygg måte. Utvalet er derfor avhengig av at revisor gir tilstrekkeleg rapportering om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av kvar deira oppgåver, er ein viktig føresetnad for å vere trygg på at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet registrerer at revisors arbeid med å utføre rekneskapsrevisjon dei siste åra er blitt meir omfattande, spesielt knytt til dei mange attestasjonsoppgåvene som vert utført på vegner av staten og andre offentlege organ. I tillegg til å gje skildringar og uttaler mottar kontrollutvalet jamleg i møte informasjon om utført rekneskapsrevisjon. Kontrollutvalet har ved fleire høve gitt uttrykk for at det vert gjort mykje godt arbeid innanfor området rekneskapsrevisjon og at dei er nøgde med måten revisjonen løyser oppdraget på.

## 10. FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen blir driven på ein måte som tar vare på innbyggerane sine behov og rettar best mogeleg. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen følgjer regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet har vore delaktig i val av tema og utforming av problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret. Kontrollutvalet er delegert mynde til å bestemme korleis avsette ressursar til forvaltningsrevisjon skal nyttast, og revisjonen har gjennomført forvaltningsrevisjonen i tråd med faglege krav i løpet av valperioden.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming.

Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet mogelegheita til å gå i djupna i ulike saksforhold, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil derfor kunne ha høg nytteverdi, både i utvalet si kontrollverksemd, og i kommunen sin internkontroll og forbetningsarbeid.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, men kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Hjartdal kommune har ei ramme på 2 prosjekt i valperioden, noko avhengig av omfanget på dei ulike prosjekta. Planen ble sendt kommunestyret for godkjenning. Kontrollutvalet vurderar årleg omfanget av forvaltningsrevisjonen og legg evt. endringar/tillegg som det er trong for, fram for kommunestyret.

Se punkt 8, saker handsama i kontrollutvalet for kva forvaltningsrapportar som er levera. Bestilt og fylgd opp i 2018.

## 11. SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa vert underlagt demokratisk styring og kontroll.

Telemark kommunerevisjon IKS la fram plan for selskapskontroll 2016-2020 i 2016 for kontrollutvalet. Kontrollutvalet vurderer årleg omfanget av selskapskontroll og legger evt. endringar/tillegg som det er behov for fram for kommunestyret.

Se punkt 8, saker handsama i kontrollutvalet for kva selskapskontrollar som er levera. Bestilt og fylgd opp i 2018.

## 12. KONKLUSJON OG AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert med dette lagt fram for kommunestyret til orientering. Ved å sjå årsplan og årsmelding for 2018 i samanheng, kan kommunestyret sjå om dei vedtekte oppgåvene og målsettingane for kontrollutvalet er eller blir følgde opp.

Hjartdal, 08.02.2019

Olav Tho  
Leiar

Marianne Lundeberg  
Sekretær